



NOREGS HØGSTERETT

Den 11. mai 2005 sa Høgsterett orskurd i

HR-2005-00769-A, (sak nr. 2005/189), straffesak, anke,

Den offentlege påtalemakta (statsadvokat Helge Johan Kaasbøll)

mot

A

B

(advokat Erik Keiserud)

R Ø Y S T I N G :

- (1) Dommar **Utgård**: Saka gjeld lovbruken i høve til naudverjeføresegna i viltlova § 11 første ledd i samanheng med felling av ein bjørn.
- (2) Namdal tingrett gav 14. juni 2004 dom med slik domsslutning:
”A, f. 0.0.67 og B, f. 0.0.51, frifinnes.”
- (3) Frifinninga bygde på føresegna i viltlova § 11 første ledd, som gir høve til felling av freda vilt dersom ”felling må anses påkrevet for å fjerne en aktuell og betydelig fare for skade på person”.
- (4) Påtalemakta anka dommen til Frostating lagmannsrett, og anken over bevisvurderinga under skuldspørsmålet vart vist til ankeforhandling. Lagmannsretten gav 2. desember 2004 dom med slik domsslutning:
”A, født 0.0.1967, og B, født 0.0.1951, frifinnes.”
- (5) Det var dissens i lagmannsretten. Fleirtalet, to av fagdommarane og to av meddommarane, røysta for at A og B skulle domfella. Mindretalet, ein av fagdommarane og to av meddommarane, kom til same resultatet som tingretten. Avgjerd av skuldspørsmålet til ugunst for dei tiltala krev i lagmannsretten fem røyster, jf. straffeprosesslova § 35 første ledd, og domsresultatet vart då i samsvar med synet til det avgjerande mindretalet.

- (6) Påtalemakta har anka dommen til Høgsterett. Anken rettar seg mot lovbruken under skuldspørsmålet.
- (7) *Eg er komen til at anken fører fram.*
- (8) Eg tek til med å sjå på forståinga av lova. Viltlova § 11 første ledd har slik ordlyd:
- ”Vilt kan felles uten hensyn til fredning når felling må anses påkrevet for å fjerne en aktuell og betydelig fare for skade på person.”**
- (9) Dei aktuelle lovtolkingsspørsmåla gjeld for det første uttrykket "aktuell og betydelig fare" og dernest uttrykket ”må anses påkrevet”.
- (10) Eg startar med uttrykket ”aktuell og betydelig fare”. I Eidsivating lagmannsretts dom av 29. september 1995 (sak LE-1995-1493 M) er dette omtala slik:
- ”Angrepet behøver ikke være påbegynt. Det er tilstrekkelig at det er en realistisk mulighet for at et angrep vil komme umiddelbart.”**
- (11) Eg er einig i det som her er sagt, og som er ei klargjering av den faresituasjonen som objektivt sett må vere til stades for at naudverjeretten skal kunne nyttast. Det må ut frå omstenda vere realistisk at det omgåande vil kome eit angrep. At situasjonen vil kunne utvikle seg til å bli farleg, er såleis ikkje tilstrekkeleg. På den andre sida er det heller ikkje slik at det er eit vilkår at viltet faktisk har gått til angrep, jf. her NOU 1974: 21 side 85 og Ot.prp. nr. 9 for 1980–81 side 51.
- (12) Etter viltlova § 11 første ledd må felling av viltet ”anses påkrevet”. Der det er ein aktuell fare for eit alvorleg angrep, ligg det i vilkåret at det då ikkje må vere andre og mindre vidtgåande alternativ enn felling som kan nyttast.
- (13) Så langt har eg omtala dei objektive vilkåra i naudverjeregelen i viltlova § 11 første ledd. Når det gjeld dei subjektive, viser eg til straffebodet som står i viltlova § 56. Etter § 56 andre ledd er aktaust brot på lova strafflagd. Kravet til aktsemd er omhandla i orskurden i Rt. 2004 side 1854, som gjaldt felling av bjørn i ein grisebinge. I avsnitt 24 er det stilt spørsmålet om den tiltala kunne ”bebreides”, og i avsnitt 25 er kravet til forsvarleg handlemåte presisert ved det som den tiltala hadde ”hatt rimelig foranledning til å tro”.
- (14) Eg går så over til å sjå på lovbruken i det avgjerande mindretalsvotumet. Dette er dels eit felles votum og dels eit særleg votum.
- (15) A er gardbrukar og hadde på det aktuelle tidspunktet i 2003 opp mot 150 sauer i ei innhegning på 500 dekar like ved eiga innmark. B var i 2003 kommunalt tilsett sauegjetar og hadde tilsyn med dyra på fleire gardar, mellom dei A sin.
- (16) Den 9. juli 2003 vart det gjort fleire observasjonar av ei binne med ungar i området mellom Jule og Berglia. A og B reiste ut for å søkje etter kadaver og samtidig jage bort bjørnen. Dei hadde begge med storviltrifler, og B hadde også med ein karelsk bjørnehund til bruk i søket. B observerte bakparten av ein bjørn som forsvann inn i innhegninga. Den samla lagmannsretten har lagt til grunn:

”Bjørnen tok seg inn i innhegningen fra nord noe øst for midten av gjerdet mot veien. Ti–femten minutter senere tok A og B seg inn i innhegningen gjennom en port ved veien noen hundre meter lenger vest. De tenkte seg ned til en saltstein ved elva, der det vanligvis var en del sauer samlet. De ønsket å avskjære bjørnen for det tilfelle at den fortsatt var i området. Da de var kommet midt ut på ei stor, flat og åpen grasbevokst myr, hørte de lyd av sauebjeller fra skogen oppe ved veien. De hadde antatt at bjørnen hadde passert dette området, men regnet nå med at lyden skyldtes at bjørn angrep eller skremte sau. De stanset, og B plystret. Vinddraget var fra vest-sørvest, d.v.s. fra A og B mot bjørnen. Kort tid deretter kom en bjørn til syne i skogkanten med tre unger like bak. Avstanden fra der A og B sto til skogkanten er senere målt til ca 140 meter. Bjørnen kom nærmere i noe som er omtalt som galopp – som innebærer en betydelig, men ikke maksimal hastighet. De tiltalte har antydning at bjørnen holdt en hastighet på ca 30 km/t.

A hadde en Husquarna jaktrifle kaliber 6,5. B hadde en Tikka jaktrifle kaliber 30-6. Begge riflene hadde kikkertsikte og magasin for fem skudd. Mellom hvert skudd må man ta et enkelt ladegrep. Det er ikke gitt opplysning om at noen av riflene hadde tendens til forkiling eller andre mangler. Både A og B har tidligere drevet med konkurranseskyting og de har flere tiårs erfaring som elgjegere. B var – som sauegjeter – den av dem som hadde mest erfaring med bjørn.

Bjørnen holdt en kurs noe mer mot sør enn en mer vestlig kurs, som ville ha pekt direkte mot de to, men den hadde hodet vendt noe mot høyre – mot de to, og den kom stadig nærmere. Ungene sakket noe akterut. Da bjørnen nærmet seg en avstand på 90 meter fra A og B, siktet de begge på den med sine rifler. A avfyrte først et skudd. Like etterpå skjøt også B. Begge skjøt for å treffe, men begge bommet. Da disse to skuddene falt, var bjørnen i en avstand på henholdsvis 91 og 83 meter. Etter det første skuddet korrigererte den kursen noe sørover – og tilbakela ca 17 meter før det andre skuddet falt. Etter det andre skuddet korrigererte den kursen kraftig mot sørøst. A avfyrte da sitt annet skudd, som felte bjørnen i en avstand på 104 meter. Da bjørnen ble obdusert, fant man bare sårkanalen etter ett skudd, som var gått inn i høyre side skrått bakfra gjennom begge lunger og ut igjen på venstre side lenger fremme på bjørnen. B har forklart at han regnet med at bjørnen var skadet av As første skudd. Ingen av dem kunne se at bjørnen reagerte på de to første skuddene på annen måte enn ved kursendringer.”

(17) Det avgjerande mindretallet uttalar vidare at det

” ser det slik at forsøk på felling/felling var påkrevet for å fjerne en aktuell og betydelig fare for personskade. Mindretallet legger til grunn at B og A oppfattet det som at bjørnen hadde retning mer direkte i mot dem enn det sporene i myra i ettertid viste at faktisk var tilfelle. De to befant seg midt ute på en stor åpen myr uten trær og busker, da bjørnen slik de oppfattet det, kom i mot i stort tempo. Situasjonen må ha vært svært stressende. Bjørnen hadde et slik tempo at de to hadde kort tid på seg for avgjørelsen. Om de hadde sluppet bjørnen nærmere inn på seg før de skjøt, og da bare såret dyret, ville risikoen være stor for at bjørnen aggressivt ville ha angrepet dem i sitt høyeste tempo. Den ville da ha vært over dem i løpet av få sekunder. Det samme hadde også vært situasjonen dersom de hadde ventet med å starte skytingen til bjørnen var nærmere, for så å eventuelt bomme en eller flere ganger. Det er da også illustrerende for stresset i situasjonen at to gode skyttere og vante jegere, faktisk skjøt to bomskudd, før de traff. I den situasjonen de befant seg hadde de ikke grunn til å tro at faren var over for bjørnen var felt med det tredje skuddet.

Mindretallet er derfor kommet til at As og Bs skudd var berettigede.”

(18) Spørsmålet er så om dei objektive vilkåra for bruk av naudverjeføresegna i viltlova § 11 første ledd var oppfylte. Som det går fram av det eg har gitt att frå fellesvotumet, gjekk A og B ut for å avskjære ein bjørn for det tilfelle at han framleis var i området. Dei såg

bjørnen då han var 140 meter frå dei. A skaut sitt første skot på 91 meters avstand, B på 83 meter. Det fellande skotet vart avfyrt av A på 104 meters hald. Etter mitt syn er det vanskeleg objektivt sett å grunngi at dei to var i ein situasjon der det var ”aktuell og betydelig fare” for skade på person. Det måtte framstå som usikkert kva bjørnen ville gjere då han kom til syne og så starta å springe. Eg viser her til at den samla lagmannsretten slutta seg til følgjande frå tingrettsdommen:

”... De tiltalte og tre av vitnene har fortalt om flere observasjoner av en binne med unger som har beveget seg i området. Observasjonene er gjort på til dels meget kort avstand og man har til dels vært ute av bilene. Selv om dette var en binne med unger viste den ikke aggressive tegn i forhold til de mennesker som observerte den og dens unger. ...”

- (19) Eg kan ikkje sjå at bjørnen var så nær dei to at det representerte ein aktuell fare. Det var ganske stor avstand frå dei to til bjørnen. Begge hadde storviltrifler med fem skot i magasinet. Dei hadde drive med konkurranseskyting og var røynde elgjegerar.
- (20) I tillegg kjem at det låg føre andre handlingsalternativ. Det var god tid til varselskot. Dei kunne også starte å trekkje seg tilbake. Det er hypotetisk kva som ville ha vorte utfallet av dette, men eg kan likevel ikkje i noko tilfelle godta at B og A var i ein situasjon der det var nødvendig å felle bjørnen utan å ha prøvd slike alternativ.
- (21) Ut frå dette er det mitt syn at det avgjerande mindretalet i lagmannsretten har brukt lova feil når det er lagt til grunn at dei objektive vilkåra etter naudverjeunntaket i viltlova § 11 første ledd var oppfylte.
- (22) Slik det avgjerande mindretalet har uttrykt seg i særsvotumet, kan det verke som det først og fremst er med grunnlag i forståinga av det subjektive skuldkravet at dei to vart frifunne. Eg skal derfor også sjå på dette. Det er sagt i det særskilte mindretalsvotumet at dei to tiltala ”oppfattet det som at bjørnene hadde retning mer direkte i mot dem enn det sporene i myra i ettertid viste at faktisk var tilfelle”. Og det er sagt at situasjonen ”må ha vært svært stressende”.
- (23) Som før nemnt rammar straffebodet også aktlause brot på reglane. I alle fall ut frå dette har det avgjerande mindretalet etter mitt syn stilt for små krav til aktsemda. B og A hadde starta søk etter bjørnen. Dei hadde teke med storviltvåpen, nettopp med tanke på at dei kunne møte bjørn. I tillegg hadde dei med hund. Når dei tiltala på dette viset gjekk på søk etter bjørn og også væpna seg med tanke på det, må det stillast strengare krav til dei enn om dei til dømes uforvarande hadde møtt bjørn under storviltjakt. Det må krevjast at dei har tenkt gjennom kva måte dei skal handle på, også når det gjaldt bruk av skræmeskot og bruk av hund.
- (24) Når det i Rt. 2004 side 1854 er brukt uttrykk som ”bebreides” og ”rimelig foranledning”, inneber dette at det i aktløysevurderinga må stillast kvalitetskrav. Og som nemnt må det særleg gjelde for personar med B og A sitt utgangspunkt. I særsvotumet frå det avgjerande mindretalet er det ikkje stilt slike kvalitetskrav ved handlingane frå B og A. Lovbruken er ut frå dette feil også med omsyn til dei subjektive vilkåra for straff.
- (25) Etter dette må lagmannsrettsdommen med ankeforhandling opphevast.
- (26) Eg røystar for slik

O R S K U R D :

Lagmannsrettsdommen med ankeforhandling blir oppheva.

- (27) Dommer **Bruzelius:** Jeg er i det vesentlige og i resultatet enig med førstvoterende.
- (28) Dommer **Gussgard:** Likeså.
- (29) Dommer **Coward:** Likeså.
- (30) Dommer **Aasland:** Likeså.
- (31) Etter røystinga sa Høgsterett slik

O R S K U R D :

Lagmannsrettsdommen med ankeforhandling blir oppheva.

Rett utskrift: